

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/8371-1

Avvikling av HAFS Utvikling AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sine eigarrepresentantar om å røyste for avvikling av HAFS Utvikling AS på ekstraordinær generalforsamling 3. november 2017.

Vedlegg:

Evaluering av HAFS Utvikling – presentasjon frå BDO

Andre relevante dokument i saka:

E-post frå styreleiar i Lutelandet Utvikling AS om ekstraordinær generalforsamling i HAFS Utvikling AS

SAKSFRAMSTILLING

1. Offentlegheit

Vedlegget inneheld nokre opplysningar som er underlagde teieplikt, jf. forvaltningslova § 13 (1), nr. 1, og er difor unnateke innsyn etter offentleglova § 13.

2. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen eig 48 % av aksjane i Lutelandet Utvikling AS (LU). Andre aksjonærar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %). Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, samt arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.

HAFS Utvikling AS (HU) vart skipa som eit dotterselskap av Lutelandet Utvikling AS i januar 2015. Dotterselskapet har overteke Lutelandet Utvikling AS si rolle som næringsutviklings-selskap, og fungerer som felles næringsutviklingsselskap for dei fire kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund (heretter omtala som HAFS-kommunane). Selskapet sitt føremål er å arbeide for å fremje vekst i næringslivet, samt medverke til å sikre stabil og langsiktig folkevekst i HAFS-regionen gjennom næringsfremjande tiltak.

Fylkesutvalet har tidlegare handsama saker om HU, m.a. om driftstilskot og finansieringsmodell, sjå sak 72/15, sak 99/15 og sak 6/16.

I januar 2017 vart det halde eigarmøte i selskapet etter ønskje frå ordførarane i dei fire primærkommunane. Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes møtte på vegner av fylkeskommunen. I møtet bad eigarane om at det vart gjennomført ei «evaluering av alle sider av selskapet». LU engasjerte BDO AS til å gjennomføre evalueringa av HU.

BDO presenterte resultatet av evalueringa for eigarkommunane på felles formannskapsmøte 22. september i år. På bakgrunn av evalueringsarbeidet har førebels tre av kommunane

handsama ei eiga sak om HU. Kommunane Solund, Hyllestad og Fjaler har gjort vedtak om å seie opp sine avtalar med HU, og har bede LU starte arbeidet med å legge ned selskapet. Ved e-post av 24.10.17 informerte styreleiar i LU at det på denne bakgrunn vert halde ekstraordinær generalforsamling i HU 3. november, der spørsmålet om avvikling av selskapet skal handsamast.

For å oppløyse eit selskap, krev aksjelova § 16-1 at generalforsamlinga gjer vedtak med fleirtal som for vedtektsendring, dvs. at avgjerda krev tilslutning frå minst to tredelar så vel av dei gjevne stemmer som av den aksjekapitalen som er representert på generalforsamlinga. Styremedlemene i LU utgjer generalforsamlinga i HU. Fylkeskommunen sine medlemmer i styret i LU er Karen Marie Hjelmeseter og Audun Erik Gisle Sunde.

Det er fylkesutvalet som fortløpande utøver eigarskap i selskap på vegner av fylkestinget, sjå delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.5 og Eigarmelding 2017 punkt 3.4. Fylkesutvalet førebur handsaming av selskapa sine eigarmøte og instruerer gjennom dette fylkeskommunen sine eigarrepresentantar, sjå Eigarmelding 2017 punkt 3.2.1. Fylkesutvalet må i denne saka vurdere om fylkeskommunen sine eigarrepresentantar skal stemme for avvikling av HAFS Utvikling AS.

3. Vurderingar og konsekvensar

Evaluering av HAFS Utvikling AS

Som grunnlag for evalueringa gjennomførte BDO intervju og spørjeundersøkingar. BDO presenterte resultatet av evalueringa for eigarkommunane på felles formannskapsmøte 22. september. Fylkeskommunen vart invitert til møtet då fylkeskommunen er majoritetseigar i morselskapet LU. Sigurd Reksnes møtte på vegner av fylkeskommunen. Når det gjeld resultatet av evalueringa, syner fylkesrådmannen til presentasjonen frå formannskapsmøtet, som ligg ved saksframstillinga.

HAFS-kommunane sine vedtak

28. september vedtok kommunestyret i Hyllestad å seie opp avtalen med HU. Kommunestyret bad LU starte arbeidet med å legge ned HU. Kommunestyra i Solund og Fjaler gjorde likelydande vedtak 20. og 23. oktober. Askvoll kommune skal etter planen handsame saka 8. november.

HU fungerer som næringsutviklingsselskap for HAFS-kommunane. Når tre av dei fire kommunane har gjort vedtak om oppseiing av sine avtalar med HU, samt bede LU om at selskapet vert avvikla, kan ikkje fylkesrådmannen sjå at det er grunnlag for vidare drift av selskapet.

4. Konklusjon

På bakgrunn av evalueringa og vedtaka til kommunestyra i Hyllestad, Solund og Fjaler tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet ber eigarrepresentantane stemme for avvikling av HAFS Utvikling AS.